

Ingen konklusjon om Børneskaia

18.04.2011



Travelt på Børneskaia, men snart må ho kanskje stengjast for tyngre køyretøy. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Kommunen har så langt ikkje drege nokon konklusjon om
kva som skal skje med Børneskaia.
Det opplyser Ivar Kåre Døssland til Kvinnheringen.
Den er av dei kaiane som Safe Control under sin
inspeksjon fann var i därleg forfaatning.
Men Døssland seier at dei nok må vurdera å stengja kaia for
større køyretøy.**

Det er problem med konstruksjonen. Det er urovekkjande sprikker
og ein spesialinspeksjon er påkrevd.

Døssland trur kaia må reparerast men det er vanskeleg å seia når
noko kan bli gjort. Først må det lagast eit konsnadsoverslag.

Det kontrollerande selskap meiner at kaia har skader som betyr noko for
bæreevne og trafikksikkerheit og bruksklassen må vurderast til
å gjelde berre personbiltrafikk.

Det er ikkje berre sprikkar, men også avskallingar og
armeringskorrosjon i prefabrikerte
elementer. Døssland kallar skadane 'snodige'.

Av Ola Matti Mathisen